

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
00301 Oslo

Bergen, 27.6.2014

Høringsuttale om Sandelva kraftverk i Samnanger kommune

Viser til brev av 6.3.2014 med søknad frå Blåfall AS om løyve til utbygging av Sandelva i Samnanger kommune. Sandelva ligg på vestsida av Samnangerfjorden og har tilegare ikkje vore påverka av kraftutbygging.

Samandrag

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) er negativ til den planlagte utbygginga, først og fremst på grunn av det store naturinngrepet som den lange røyrgate (2800 meter) representerer, og på grunn av den sterke reduksjonen i vassføringa (98%) nedanfor inntaket. Dette ligg i øvre deler av vassdraget, som er eit populært turmål.

Generelt om tiltaket

Kraftverket vil utnytte falet på 317 meter frå inntaket nær Brekkehytta og ned til sjøen. Frå inntaket på kote 325 skal det leggjast nedgravd røyrgate 2800 meter ned til kraftstasjonen ved fylkesvegen på kote 8. Langs røyrgate skal det byggjast ein traktorveg gjennom Vestdalen opp til inntaket.

Hydrologi

Nedslagsfeltet for Sandelva er på 3.8 km² ovanfor inntaket, og nedanfor inntaket er det eit restfelt på 3.8 km², til saman 7.6 km². Middelvassføringa er 590 l/s, og det er planlagt ei minstevassføring på 10 l/s heile året. Dette betyr at berre 2% av vassføringa vil sleppa forbi inntaket, men dette vil auka til 70% ved kraftstasjonen på grunn av tilsig frå restfeltet.

Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3.7 MW og ein årsproduksjon på 9.3 GWh. Vassføringa er størst i vårløysinga (mai-juni) og om hausten (oktober-november), og minst i juli-september og i vintermånadene. Hydrologikurvane viser at det blir nær

tørrlegging nedanfor inntaket heile året, bortsett frå korte periodar vår og haust. NVH meiner at i tillegg til den negative verknaden på livet i vassdraget og den forringa opplevingskvaliteten, vil ein så sterk reduksjon i vassføringa kunna føra til eutrofiering og forsureing i dei slakke partia av elva i øvre delen av vassdraget, og dermed vera i strid med EU sitt vassdirektiv.

Biologisk mangfald

(a) Terrestrisk miljø (kap. 6.4)

Det er ikkje registrert raudlista artar i Sandelva, noko som kanskje ikkje er så rart med tanke på tidspunktet for synfaringa (november). På dette tidspunktet er dei fleste urteaktige plantene visna ned og fuglane er mykje mindre aktive enn tidlegare på året. Men med den fattige berggrunnen og vegetasjonen (kystfuruskog) i øvre deler av vassdraget er potensialet for kravfulle og sjeldne planter lite. Det er mange stryk og mindre fossefall i elva, så på stader med fossesprøyt burde mosefloraen vore betre undersøkt. Dessverre er ikkje det gjort, så det blir lettvent og spekulativt å seia at kryptogamfloraen er «fraværende langs hele elveløpet.» Konsekvensanalysen slår fast at det er sannsynleg at elva er «aktuell som hekke- og leveområde for fossefall». Den sterke reduksjonen i vassføringa med nær tørrlegging av elva vil også påverka botndyrfaunaen negativt, og dermed også fossefallet, som lever av desse. Trekkveggar for hjort fins i heile området, delvis på tvers av elva, og den påtenkte røyrgeata vil truleg kutta av fleire av desse. I tillegg til støy i samband med anleggsverksemda vil dette verka negativt på hjortebestanden i byggefasen.

Trass manglande observasjonar av urteaktige planter blir det påstått i den biologiske rapporten at «potensialet for at det eksisterer sjelden og truet flora sees dermed på som lite». Her minner vi om kravet i §9 i Naturmangfaldlova om bruk av «føre var»-prinsippet og kravet i §8 om kunnskapsbasert forvaltning. Eit anna spekulativt utsagn fins på same side, nemleg at «vannets mekaniske påverknad på berggrunnen hindrer sporene i å få tid til å feste seg og med det danne mosesamfunn». Her minner vi om at det fins vassdrag med betydeleg større mekanisk påverknad, der mosane ikkje har noko problem med å festa seg.

(b) Verneverdige naturtypar.

Det blir påstått i kap. 6 at «Det forekommer ingen velutviklede bekkekløft- eller fossesprøytsoner langs Sandelva». Etter som heile synfaringa lengs den 2.8 km lange elvestrengen berre tok ein dag, er dette ein tvilsam påstand. Fleire av dei mindre stryka og fossefalla som det er bilete av i konsesjonssøknaden burde vore nærare undersøkt for å sjå om dei kan klassifiserast som fossesprøytsoner. Også dette er i strid med kravet om kunnskapsbasert forvaltning og føre-var prinsippet.

(c) Akvatisk miljø

Dei nedste 250 meter av elva nedanfor kraftstasjonen har anadrom bestand av laks og sjøaure, og det er gode forhold for gyting. Det burde difor også vera gode forhold

for etablering av den truga arten elvemusling, som parasitterer på fisk i larvestadiet.. Men raske variasjonar i utsleppet frå kraftverket kan verka forstyrrende inn på denne bestanden. Det fins også bekkeare i «overliggende vann langs hele elvestrekket», desse vil bli skadelidande ved den sterke reduksjonen i vassføringa i øvre deler av vassdraget. Konsekvensane for den stasjonære fiskestammen i vassdraget verkar ikkje å vera tilfredstillande undersøkt, heller ikkje eventuell forekomst av elvemusling. Dette kan delvis koma av det seine og ugunstige tidspunktet for synfaringa.

Når det gjeld ål, som også er ein truga art, står det i den biologiske rapporten at den truleg fins i elvestrengen, sjølv om den ikkje blei registrert under synfaringa. Det fins rolege parti der ålen kan vandra opp og reprodusera, men den reduserte vassføringa kan ha gjort dette vanskelegare. Lenger oppe i elva er det mindre sjanse for etablering (sml. kap. 7).

I kap. 6.3 heiter det at «det må antas at det forekommer en del invertebrater (=botndyr) i og inntil elva, som er knyttet til vann. Det er imidlertid ikke kjent at det forekommer spesielt verdifulle arter, og ingen spesielle habitater for slike arter ble påvist under befaring». Her er det og mykje gjetning, og det tek meir enn ein dag å påvisa «spesielt verdifulle» invertebratar.

Avbøtande tiltak

Skulle den omsøkte utbygginga likevel få konsesjon, vil det vera heilt nødvendig å installera ein tilstrekkeleg dimensjonert omløpsventil slik som foreslått i tilleggsundersøkinga av fisk i elva, utført av Rådgivende Biologer. Dessutan må ein passa på under anleggs- og driftsfasen at det ikkje skjer raske endringar i vassføring som kan medføra stranding eller utvasking av rogn og yngel, eller substratendringar som følgje av erosjon. Den foreslåtte minstevassføringa må revurderast for å sjekka at det er nok vassdekt areal for dei anadrome fiskebestandane til gyting og utvandring (Kap. 8). Av omsyn til fossekallen må det også gjerast tilgjengeleg fleire rugekassar

Landskap og friluftsliv

I vurderinga av inngrepsfrie naturområder (INON) i biologirapporten (kap. 7) er det gjort ein alvorleg feil, nemleg at det berre er reduksjonen i «sone 2» (1-3 km frå teknisk inngrep) som er nemnt, mens reduksjonen i «sone 1» (3-5 km) og i «villmarkspregede områder» (>5 km) ikkje er nemnt. Av kartet i Fig 7.2 går det fram at reduksjonen i sone 2 er 68 haa, men også at sone 1 blir redusert med ca. 450 haa og villmarkspmrådet med ca. 600 haa. Dette inngrepet i urørte villmarksområde er i direkte konflikt med nasjonale og regionale målsettinga som

er nedfelt i Stortingsmelding nr 26 (2006-07) og gjeldande Fylkesplan for Hordaland 2005-08

Utbygginga av Sandelva er altså eit drastisk inngrep i eit hittil urørt naturområde, som i tillegg er eit populært turmål, med sentrum i Brekkehytta, like ved inntaksdammen, og oppover til Gulfjellet og nedover Vestdalen. På Samnanger kommune si nettside kan ein lesa at det går ein tursti frå Rolvsvåg til Store Brekkevatnet, som i stor grad følgjer elvefaret og på lange strekningar vil påverkast negativt av utbygginga. Av bildemontasjen i vedlegg 5 går det fram, at Sandelva er eit dominerande landskapselement i dette området, og at ein reduksjon i vassføringa på opptil 90% som ein kan få i øvre delen av elva etter utbygging, vil ha katastrofale følgjer for opplevingsverdien av området. Fotomontasjen viser to bilete av elva teke 9.10.2013 med to ulike vassføringar, nemleg 1900 l/s og 260 l/s, som viser stor skilnad også visuelt, og det er lett å tenka seg korleis elva vil sjå ut ut med ei vassføring på 10-20 l/s slik det vil bli etter utbygging. Ein så stor reduksjon som planen går ut på (over 90%) er totalt uakseptablelt. Det omsøkte naturinngrepet vil vera svært synleg også frå Gullfjellet og Svingningen, som er eit av dei mest brukte turmåla på Bergenshalvøya.

Samla belastning

Samnanger kommune er frå før hardt utsett for kraftutbyggingar, det meste i regi av BKK. I konsesjonssøknaden blir det trekt samanlikningar mellom Sandelva og dei to verna vassdraga Eikedalsvassdraget i Samnanger og Oselva i Os. Men desse to renn gjennom område med rikare vegetasjon og berggrunn enn Sandelva. Difor kan dei ikkje samanliknast. Sandelva er eineståande fordi den renn urørt frå fjell til fjord gjennom eit typisk næringsfattig vestnorsk kystfuruskog-landskap,

Konklusjon

Naturvernforbundet Hordaland meiner at dei verdiane som Sandelva representerer i form av urørt natur med stort potensiale for friluftsliv, langt overstig dei verdiane som vassdraget representerer i form av kilowatt. Utbygginga vil også verka negativt på dyr og planter som er avhengige av rennande vatn, slik som fossefall, ved at vassføringa i øvre del av elva blir redusert med nær 90%. og den vil også skada hjorten sine trekkruter. Sett i lys av den omfattande utbygginga av vasskrafta som har skjedd i Hordaland og spesielt i Samnanger kommune, og den sterke reduksjonen i potensialet for naturoppleving som dette har medført, kan utbygginga av Sandelva heller ikkje forsvarast ut frå samfunnmessige eller økonomiske omsyn.

NVH meiner dessutan at konsesjonssøknaden må avvisast fordi konsekvensane av redusert vassføring ikkje er godt nok kartlagt, mellom anna fordi synfaringa er gjort på feil årstid og over berre ein dag, noko som gjer at dei fleste konklusjonane blir usikre og spekulative. Vi minner om Naturmangfaldlova der det heiter i §9:

«Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.»

Når det gjeld samla belastning for alle dei 12 omsøkte småkraftverka i Kvam, Fusa og Samnanger kommunar, viser vi til felles uttale frå Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Hordaland.

Med venleg helsing

for Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme
Leiar

Oddvar Skre /Rene Alvestad
Saksbehandlarar